



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

- MØTE NR.:** 04 i tingperioden 2013-2015
- FRÅ:** Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
- STAD/DATO:** Telefonmøte/ 21. januar 2014
- TIL STADES:** Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Lilly Schøyen og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel, Asle Sande (1. varamedlem) og Margunn Hjelmeset (2. varamedlem)
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- SAKLISTE:**
- REFERATSAKER**  
**Sak 42 13-15** Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 03 13-15
- RAPPORTERING**  
**Sak 43 13-15** Rekneskapsrapport pr. 31.12.2013  
**Sak 44 13-15** Skriftleg rapportering frå greinkomiteane
- ORIENTERINGSAKER**  
**Sak 45 13-15** Skiing Norway  
**Sak 46 13-15** Regionalt samarbeid - langrenn  
**Sak 47 13-15** Status Ski i Skulen 2014  
**Sak 48 13-15** Idrettsregistreringa 2013  
**Sak 49 13-15** Temadagar - Aktivitetshjelpemiddel
- DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**  
**Sak 50 13-15** Økonomiske prinsipp ved flytting av skirenn  
**Sak 51 13-15** Tid og stad for Vårmøtet 2014  
**Sak 52 13-15** Anleggsseminar 2014  
**Sak 53 13-15** Aktuelle saker til Skitinget 2014  
**Sak 54 13-15** Høyring – utkast til Strategiplan 2014-2016, Idretten i Sogn og Fj.  
**Sak 55 13-15** Representasjon – Idrettskrinstinget 2014

**EVENTUELT**

---



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

## REFERATSAKER

### **Sak 42 13-15**

#### **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 03 13-15 Bakgrunn**

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 03 13-15 er utsendt på førehand.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 03 13-15.

## RAPPORTERING

### **Sak 43 13-15**

#### **Rekneskapsrapport pr. 31.12.2013**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 31.12.2013 er utsendt på førehand.

Adm. presenterte rapporten.

Med bakgrunn i framlagt rapport og progonsar m.o.t. årsresultat tilrår adm. at det vert gjort følgjande avsetningar frå 2013 til 2014:

- **Ski i Skulen:**  
Kr. 100 000,- vert sett av til å sikre vidare drift i 2014
- **Arbeidsutvalet:**  
Kr. 40 000,- vert sett av til eit føremål bestemt av styret
- **Prosjekt Telemark:**  
Kr. 19 894,- (overskotet på prosjektet) vert sett av til å sikre aktivitet i 2014
- **Alpinkomiteen:**  
Kr. 30 000,- blir sett av til eit føremål bestemt av komiteen
- **Langrennskomiteen:**  
Kr. 20 000,- blir sett av til eit føremål bestemt av komiteen
- **Hopp- og kombinertkomiteen**  
Det er ikkje rom for å gjere avsetningar i hopp- og kombinertkomiteen.

Med bakgrunn i prognosar fører desse avsetningane til at skikrinsen sitt totale overskot vert stipulert til ca. kr. 115 000,-.

Arbeidsutvalet sitt overskot vert stipulert til kr. 80 000,-

Alpinkomiteen sitt overskot vert stipulert til kr. 20 000,-

Langrennskomiteen sitt overskot vert stipulert til kr. 15 000,-



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Pr. 31.12.2013 har skikrinsen ein eigenkapital på kr. 751 157,-.

Med desse avsetningane vert eigenkapitalen (totalt for skikrinsen) styrka med kr. 115 000,-. Dvs. at skikrinsen sin stipulerte eigenkapital vil vere ca. kr. 866 000,- pr. 31.12.2013.

Adm. tilrår vidare at rekneskapen vert teken opp til endeleg handsaming i samband neste møte i Skikrinsstyret.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at dei ulike avsetningane skal gjerast i høve til adm. si tilråding.

Vedtaket vert gjort under føresetnad av at prognosane er riktige.

Rekneskapen vert teken opp til endeleg handsaming i samband med neste møte i Skikrinsstyret.

#### **Sak 44 13-15**

#### **Skriftleg rapportering frå greinkomiteane**

##### **Bakgrunn**

Til møtet førelåg det rapport frå;

- alpinkomiteen

Det førelåg ikkje rapport frå langrennskomiteen og hopp- og kombinertkomiteen.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

#### **ORIENTERINGSAKER**

#### **Sak 45 13-15**

#### **Skiing Norway**

##### **Bakgrunn**

Joachim Fekene frå Norges Skiforbund skulle presentere markedskonseptet *Skiing Norway* for Skikrinsstyret, men Fekene møtte ikkje.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til vitande.

#### **Sak 46 13-15**

#### **Regionalt samarbeid - langrenn**

##### **Bakgrunn**

Adm. orienterte Skikrinsstyret om framdrifta i arbeidet med etablering av eit regionalt team i samarbeid med Hordaland- samt Agder og Rogaland Skikrets.

I dette arbeidet er leiarane av langrennskomiteane einige om å gjere eit førearbeid, slik at ein får klarlagt om det er realisme i å etablere eit regionalt team på seniornivå.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINSEN

## **Sak 47 13-15**

### **Status Ski i Skulen 2014**

#### **Bakgrunn**

Adm. sjef orienterte om status for Ski i Skulen 2014.

Ski i Skulen 2014 vert gjennomført ved følgjande skular/idrettslag vinteren 2014;

- Gaupne skule/ IL Bjørn. Tal elevar 31 (5. og 6. klasse)
- Flatbygdi skule/ Vik IL. Tal elevar 30 (5.og 6. klasse)
- Breim skule/ BBIL. Tal elevar 41 (6. og 7. klasse)
- Flatene skule/ Førde IL. Tal elevar 60 (4. kl.)
- Tonning skule/ Markane IL. Tal elevar 55 (5. kl.)
- Tangen skule/ ÅTIL. Tal elevar 15 (6. kl.)
- Leikanger skule/ Syril IL. Tal elevar 30 (5. kl.)
- Hjelle skule/ Eid IL. Tal elevar 50 (5. kl.)
- Sunde barneskule/ Førde IL. Tal elevar 46 (5. og 6. kl.)
- Frøysland skule/ Haukedalen. Tal elevar 13 (heile skulen)
- Hyen skule/ Hyen IL. Tal elevar 20 (.....kl.)
- Haugen skule/ Haugen IL. Tal elevar 30 (5.-7. kl.)
- Trudvang skule/ Sogndal IL. Tal elevar 59 (4. kl.)

Totalt;

- 13 skular/ idrettslag
- 450 elevar

Øvrige rammer;

- 5/6 skiøker ved kvar skule
- trenarkrefter frå idrettslaga/ skikrinsen
- langrenn, alpint, hopp, skileik
- skikrinsen dekker transport av elevane til og frå anlegga, i tillegg til lønn og reisekostnader for instruktørane
- finansiering; Sparebankstiftinga, fylkeskommunen, NSF og deltakande kommunar



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

### **Sak 48 13-15**

#### **Idrettsregistreringa 2013**

##### **Bakgrunn**

Idrettsregistreringa gjennomførast frå 02. januar til 31. januar ved at idrettslaga rapporterar nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa danner grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale mildar etc.)

Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Kva skal rapporterast;

- leiarinformasjon

- tal medl. i hovudlaget, og antal aktive medlemmar i særgruppene, t.d. skigr.

Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medl. i skigruppene, sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Adm. følgjer opp saka.

### **Sak 49 13-15**

#### **Temadagar - Aktivitetshjelpemiddel**

##### **Bakgrunn**

Adm. orienterte skikrinsstyret om temadagane.

Nav Hjelpemiddelsentralen og Sogn og Fjordane Skikrins inviterar til;

#### **Aktivitetshjelpemiddel for barn og vaksne med nedsett funksjon, vinter. (Ski og snøsamling for funksjonshemma)**

##### **Tid og stad**

- Sogn Skisenter, tysdag 11. februar 2014

- Breimsbygda Skisenter, onsdag 12. februar 2014

##### **Målgruppe, Temadag Sogn Skisenter**

Terapeutar, brukarar, foreldre, studentar og andre som treng kunnskap om og erfaring med aktivitetshjelpemiddel til bruk på snø for menneskje med funksjonshemming.

##### **Målgruppe, Temadag Breimsbygda Skisenter**

Del 1 er for studentar og skuleklassar som treng kunnskap om og erfaring med aktivitetshjelpemiddel til bruk på snø for menneskje med funksjonshemming.

Del 2 er for brukarar med følgje (foreldre, terapeutar, assistentar, lærarar o.a.).



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Mål**

Auka kunnskap om aktivitetshjelpemiddel, slik at aktuelle brukarar i større grad skal få høve til deltaking og aktivitet ved bruk av rett hjelpemiddel.

Deltakarane skal ha positive opplevingar i samband med aktivitet på snø.

Temadagen høver for både nybyrjarar og for dei med erfaring.

### **Innhald:**

- Kort om formidling av aktivitetshjelpemiddel og gjeldande lovverk.
- Produktvising ved leverandør.
- Praktisk prøving av ulike aktivitetshjelpemiddel som sit-ski, tilpassa akeutstyr, kjelke for sitjande langrenn, skilator (rollator med ski), pulk, spesialvogn m.m. Kvalifiserte instruktørar hjelper til på det nivået som trengs i skitrekking!

### **Vedtak**

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## **DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**

### **Sak 50 13-15**

#### **Økonomiske prinsipp ved flytting av skirenn**

##### **Bakgrunn**

Vinteren 2013-2014 har mange stader i fylket vore prega av marginale snøtilhøve. Og dette har ført til flytting av ei rekkje skiarrangement.

Vidare har mange lag og anleggseigarar gjort eit stort arbeid når det gjeld å sikre snøtilhøva i anlegga, slik at ein kan avvikle renn som er terminfesta og/eller flytta.

Dette har ført til at ein arrangør har bede skikrinsen om ein økonomisk kompensasjon, når det gjeld arbeidet med klargjering av anlegget for konkurranse. For orden skuld kan ein legge til at arrangøren tok over dette arrangementet på 1 veker varsel, grunna manglande snøtilhøve hjå opphavsleg arrangør.

Med dette som bakgrunn ynskjer leiar at styret, på eit prinsippielt grunnlag, drøftar om det i særskilde høve skal leggest til rette for ein økonomisk kompensasjon for arrangørar og/eller anleggseigarar som får uforutsette kostnader i samband med flytting av skiarrangement.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at slike ordningar skal handsamst særskilt i kvart einskild tilfelle. Handsaminga skal skje i samråd mellom respektiv komitèleiar og adm. sjef.

### **Sak 51 13-15**

#### **Tid og stad for Vår møtet 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Vår møtet 2014.

Når det gjeld innleiarar på Vår møtet er Åge Skinstad (sportssjef, NSF Langrenn) førespurt som foredragshaldar. Skinstad har i utgangspunktet takka ja til innbydinga, men ein må avklare tidspunkt som høver.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

Skikrinsstyret bør difor setje opp nokre alternative datoar som vert oversendt Skinstad.

Ein kan elles legge til at Skinstad er førespurt å innleie på Vår møtet sin fellesdel med foredraget; "Bedre sammen".

Skinstad vil elles delta på langrennskomiteen sitt fagmøte.

Det er også aktuelt å invitere trenar for Norges Skiforbund sitt rekrutteringslandslag, Sjur Ole Svarstad, til langrennskomiteen sitt fagmøte.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Vår møtet skal avviklast på Skei, Skei Hotell. Leiar og adm. sjef får fullmakt til å setje dato for møtet.

#### **Sak 52 13-15**

##### **Anleggsseminar 2014**

##### **Bakgrunn**

Ein har tidlegare gjennomført fleire regionale anleggsseminar i Sogn og Fjordane Skikrins. Adm. tilrår at ein no startar arbeidet med å førebu eit nytt anleggsseminar hausten 2014.

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at leiar i anleggskomiteen følgjer opp saka i samarbeid med adm. sjef.

#### **Sak 53 13-15**

##### **Aktuelle saker til Skitinget 2014**

##### **Bakgrunn**

Norges Skiforbund sitt ting skal avviklast i Loen 14.-15. juni 2014.

Leiar fremmar forslag om at skikrinsen bør vurdere å komme med framlegg om nye konkurranseklassar i langrenn på seniornivå (eksempelvis A, B og C klassar).

#### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om saka skal oversendast langrennskomiteen for nærare vurdering.

#### **Sak 54 13-15**

##### **Høyring – utkast til Strategiplan 2014-2016, Idretten i Sogn og Fj.**

##### **Bakgrunn**

Idrettskrinstinget 2014 på Sandane den 5. april skal ta stilling til strategiplan for idretten i fylket for perioden 2014-2016.

Idrettskrinsen ønskjer medverknad frå idrettsråd og særkrinsar i utforming av planen og inviterer skikrinsen til å gje innspel på utkastet.

Ein ynskjer innspel på innhald; hovudutfordringar, mål og/eller delmål på innsatsområde eller anna i utkastet.

Idrettskrinsstyret skal ta stilling til ferdig utkast frå administrasjonen i møte den 6. februar.



SOGN OG FJORDANE  
SKIKRINS

### **Vedtak**

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. sjef utarbeider framlegg til høyringssvar, som deretter sendast styret for godkjenning.

Med bakgrunn i drøftingar i styret skal høyringssvaret m.a. innehalde følgjande moment;

- **Organisering**

I framlegget pålegg idrettskrinsen særkrinsane prioriteringar og målsetjingar. Med bakgrunn i gjeldande organisering i norsk idrett, skal særkrinsane forholde seg til eiga organisasjonslinje, samt eigne særforbund sine politiske vedtak og prioriteringar.

- **Rammevilkår**

Idrettskrinsen si viktigaste rolle er å arbeide for styrking av rammevilkåra for idretten i Sogn og Fjordane. Det bør framgå i dokumentet at dette området skal vere prioritert.

- **Aktivitet**

Når det gjeld innsatsområdet knytt til aktivitet bør det gå tydelig fram at idrettskrinsen si rolle er å gje særkrinsane støtte i arbeidet med aktivitetsutvikling. Arbeidet knytt til dette innsatsområdet må vere relatert til særiddrettane sine behov.

- **Ungdomsidrett**

Skikrinsen vurderar det som positivt at idrettskrinsen, saman med særiddrettane, vurderar å setje i verk tiltak/modellar som eit alternativ til den tradisjonelle utviklinga av ungdomsidretten.

### **Sak 55 13-15**

#### **Representasjon – Idrettskrinstinget 2014**

##### **Bakgrunn**

Idrettskrinstinget 2014 vert avvikla på Sandane (Gloppen Hotell) 04.-05. april. Sogn og Fjordane Skikrins kan stille med 4 delegatar.

##### **Vedtak**

Skikrinsstyret utset saka til neste møte.

### **EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)  
Leiar

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef